

Generalforsamling i Gulen og Masfjorden Utvikling AS den 4 juni 2014 kl. 15.30

Møtestad: Møterom GMU Gulafjordvegen 75

Følgjande møtte frå eigarane:

SIVA – manglar fullmakt – skal vera sendt

Sogn og Fjordane Fylkeskommune - manglar fullmakt

Sveinung Valle frå Hordaland Fylkeskommune m/fullmakt

Hallvard Oppedal frå Gulen Kommune

Marit Steinestø frå Masfjorden Kommune m/fullmakt

I tillegg møtte:

Dagleg leiar Solveig Daae Kristiansen, styreleiar Irene Kjelby Wergeland

Sak 1

Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga og saklista

Framlagde fullmakter vart godkjende

Sak 2

Val av ordstyrar og referent

Vedtak:

Styreleiar vart vald til ordstyrar.

Dagleg leiar vart vald til referent.

Sak 3

Val av 1 representant frå generalforsamling til signering av protokoll saman med ordstyrar

Vedtak:

Hallvard Oppedal vart vald til å skrive under møteprotokoll i lag med møteleiar

Sak 4

Årsmelding 2013 Godkjenning av årsmelding og rekneskap for 2013

Sakstfang:

Styret si årsmelding for 2013, datert 15 mai 2014

Vedtak:

Styret si årsmelding vart godkjend

Årsrekneskap for 2013

Sakstfang:

Styret sitt framlegg til årsrekneskap for 2013, datert 15 mai 2014

Revisor si melding datert 15 mai 2014

Vedtak:

Årsrekneskap for 2013 vart godkjend

Sak 5

Styrehonorar

Honorar til styre

Vedtak

Honorar til styreleiar kr. 20 000,-

Honorar til styremedlemene kr. 15.000,-

Styrerepresentantane frå Masfjorden og Gulen kommunar avstår frå styrehonorar

Sak 6

Honorar til revisor

Revisorhonorar for 2013 på kr. 13000,- vart godkjend

Sak 7

Val av styre, styreleiar og nestleiar

Frode Langhelle ynskjer å trekke seg frå styret, på grunn av styreleiarverv i Nordhordland Handverk og Industrilag. Det betyr at det må veljast inn ein ny representant frå næringslivet.

Med tanke på hovudsatsinga til GMU: marknadsføring av regionen retta mot utflytta ungdom, har Gulen og Masfjorden næringsråd komme med forslag om ein ny styrekandidat. Han er ung og flytta heim att, har stifta familie og er i eit aktivt grundermiljø: Simen Wilberg, COO i Beat.no.

Det er ikkje komme inn melding om andre endringar

Vedtak:

Følgjande styre vart vald:

Irene Kjelby Wergeland	(Næringslivet)
Marit Austgulen Wick	(Næringslivet)
Hallvard Oppedal	(Gulen Kommune)
Karstein Totland	(Masfjorden Kommune)
Bjørn Falck Russenes	(Sogn og Fjordane Fylkeskommune)
Ivar Eide	(Gulen og Masfjorden Næringsråd)
Jon Johansen	(SIVA- Selskapet for Industrivekst SF)
Simen Wilberg	(Næringslivet)

Kommentar: Styret melder frå til eigarane kven som står på val i god tid.

Val av styreleiar for 2014

Vedtak:

Irene Kjelby Wergeland vert vald til styreleiar for 2014

Val av nestleiar for 2014

Vedtak:

Karstein Totland vart vald til nestleiar for 2014

Gulafjordvegen 75,

4.6.2014


Irene Kjelby Wergeland


Hallvard Oppedal